

969906201

JOHN MONSTAD

Mobilnummer

909 43 635

E-postadresse

jomons@online.no

Kontonummer **** * 03963

Vedtaksdato

29.10.2023

Vedtaket er gjort av

Alver kommune

Søknadsdato

28.02.2023

Vår referanse

2023/1992, Agros 224399

Vedtak om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket – Beiterydding og gjerding GBNR 170/1

Samandrag: Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 16 430 kroner i tilskot til JOHN MONSTAD til Beiterydding og gjerding GBNR 170/1. Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 24.10.2026.

Alver kommune viser til søknad av 28.02.2023.

Bakgrunn i saka

JOHN MONSTAD søkte om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket 28.02.2023. Du søker om totalt 37 872 kroner i tilskot for tiltak perioden 01.05.2023-30.04.2025. Totalt kostnadsoverslag for tiltaket har du utrekna til 100 494 kroner.

Det er søkt om tilskot til å setja opp 242 meter med gjerde på GBNR 170/1 og etablering av grind i det nye gjerdet og demontering av gammalt rusta gjerde med piggråd som overstreng.

Det er i grensa til naboeigedomen for hindra at beitedyr (storfe) kjem seg ut av beitet dei skal gå på. Søker ynskjer også å rydde lauvtre, einer og sitkagran som har frøa seg, sidan naboeigedomen har planta sitkagran inntil gransa mellom eigedomane. Arealet skal nyttast som beite for storfe.

Grunngjeving for vedtaket

Føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet i jordbruket og redusere forureininga frå jordbruket, utover det som kan ventast gjennom vanleg jordbruksdrift, jf. [forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket](#) (SMIL-forskriften) § 1.

Ein kan innvilge tilskot til føretak som oppfyller vilkåra i forskrift av 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket § 2 og § 3 eller § 4.

Tilskot kan også gis til eigar av landbrukseigedom dersom det går føre seg ein produksjon på landbrukseigedomen som oppfyller vilkåra for tilskot etter forskrifta som nemnt over. Om du sjølv ikkje eig landbrukseigedomen tiltaket skal gjennomførast på, må det ligge føre løyve frå eigar til gjennomføring av prosjekt eller tiltak som nemnt i SMIL-forskrifta § 4 og § 5.

Søkaren må også oppfylle vilkår i forskrift av 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging. Det skal også først journal over korleis plantevernmiddele som blir brukte, med opplysningar som nemnt i SMIL-forskrifta § 3 tredje ledd.

Søknaden er vurdert etter prinsippa i naturmangfaldlova(NML) §§8-12,,JF.§7. Administrasjonen har gjennomgått artskart,naturbase og etter ei samla vurdering kome fram til at tiltaket som er omsøkt ikkje er i konflikt med prinsippa i §§8-12 i naturmangfaldlova.

Området 1 som søkjar ynskjer å rydde består av omlag 117,5 daa produktiv skog. Eldre flyfoto (t.d. Austrheim-Lindås 1967) og Økonomisk kartverk syner at området har vore skogdekt i lang tid.

I medhald av Rundskriv 2021/18 «Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket kommentarer til regelverk» er etablering av beite i skog/ utmark ikkje eit SMIL-tiltak. Tiltak for å fremme biologisk mangfold i skog og utmark kjem berre inn under ordninga dersom den aktuelle lokaliteten kan klassifiserast som gammal kulturmark. Dette kan for eksempel være utslåtter eller seterområder.

Alver kommune meiner at det omsøkte arealet ikkje kan klassifiserast som gammal kulturmark, men må definerast som skog/ utmark. Området er registrert som produktiv skog i dag og har vore skogdekt i lang tid. Vi har ikkje holdepunkt for at området har vore innmark tidlegare, eller at det har vore brukt til utslått eller seterområde. Alver kommune har derfor vedtatt å avslå denne delen av søknaden.

Området 2 som søkjar ynskjer å rydde består av omlag 177,5 daa produktiv skog og 50,6 innmarksbeite. Søkjar ønsker å rydde ca 4 daa innmarksbeite og skogsareal i tilknytning til beitet. Vidare skal søkjar gjerde inn 242 meter desse 4 daa.

Administrasjonen meiner at tiltaket er i tråd med SMIL-ordninga sitt formål jf. Forskrift om spesielle miljøtiltak i landbruket §1. I henhold til gjeldande SMIL-strategi for Alver kommune er rydding og gjerding av innmarksbeite eit prioritert område, herunder utviding av eksisterande beiteområde. Det omsøkte arealet ligg i forlenging av eksisterande beiteområde og er såleis ei naturleg utviding av dette. Kommunen vel å gi tilskot til rydding av 4 daa beite og skog og til å gjerde inn 242 meter.

Godkjent kostnadsoverslag : (kommunen bruker standardsats for tilskot pr løpeter gjerde og pr daa rydding)

Tiltak	Kostnader	Tilskot 50 % av kostnader
Gjerding, meter	242 meter * 80 kr=19 360 kr	9680 kr
Rydding, daa	4 daa* 3000 kr=12 000 kr	6000 kr
Port, stk	1 stk* 1500 kr=1500 kr	750 kr
Sum		16 430 kr

Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 16 430 kroner i tilskot.

Vilkår for tilskotet

Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 24.10.2026. Dersom du ikkje overheld fristen, fell tilskotet vekk.

Innvilging av tilskot inneber ikkje at tiltaket er godkjent etter anna regelverk, som til dømes plan- og bygningslova, kulturminnelova, naturmangfaldlova, vassressurslova eller forureiningsforskrifta. Du må sjølv skaffe deg slikt løyve dersom det trengs, og dette må du gjere før du går i gang med tiltaket du no har fått tilskot til.

Frist for gjennomføringa av tiltaka er sett til inntil tre år frå tildeling.

-Det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfrist i inntil to år ut frå skriftleg grunngjeving, seinast ein månad før oppsett frist går ut.

- Gjerde skal vera permanent med notegard, toppstreng og bendsletråd.

- Området skal nyttast til beite/ og eller slått i minimum 10 år frå løyving.

- Løyvd tilskot kan trekkjast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbruket

Rapportering og utbetaling

Når tiltaket er gjennomført, må du sende inn dokumentasjon på at tiltaket er gjennomført etter dei vilkåra som er sett i dette brevet. Du skal rapportere om måloppnåing og bruken av tilskottet slik rapporteringsskjemaet angir.

Del- eller sluttrapportering av prosjektet gjøres via saken din på altinn. Du finner også skjema med link til altinn på landbruksdirektoratet sine hjemmesider.

Husk å ta bilder og dokumenter prosjektet underveis, samt ta vare på kvitteringer og før timelister for arbeidet som blir gjort.

Sluttrapport skal innehalda rapporteringsskjema, timeliste, bilag på innkjøpt materiell og foto av utført tiltak.

Alver kommune betaler ut det innvilga tilskotet etter at du skriftleg har bede om det, og når vi har godkjent rapport og sluttrekneskapen for prosjektet eller tiltaket. Du kan be om utbetaling digitalt via Altinn.

For eitt-årige eller mindre prosjekt skal utbetalinga som hovudregel skje etter at prosjektet er avslutta. For fleirårige tilskot kan det vere aktuelt å betale ut delar undervegs i prosjektperioden. Delar av tilskotet kan utbetalast etter kvart som du godtgjer framdrift i gjennomføring av tiltaket og vi har godkjend rapporteringa. Minst 25 prosent av tilskotet blir halde attende til tiltaket er fullført og sluttrapporteringa er godkjend.

Landbruksdirektoratet sitt rapporteringsskjema for eingongstiltak/investeringstiltak skal fyllast ut og leggst ved når du ber om del- og sluttutbetaling. [Bruk denne malen](#)

Godkjent kostnadsoverslag for tiltaket er 32 860 kroner. Utbetalt tilskot kan ikkje overstige 50 % av godkjende kostnader for å utføre tiltaket. Dersom kostnaden for å utføre tiltaket er lågare enn godkjent kostnadsoverslag kan tilskotsbeløpet bli justert ned.

Kontroll

Kommunen, statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet kan gjere kontroll etter SMIL-forskrifta § 9.

Omgjering, tilbakebetaling og motrekning

Vedtak om innvilga tilskot kan bli gjort om og utbetalt tilskot kan bli kravd betalt tilbake etter SMIL-forskrifta § 10 dersom det blir avdekka tilhøve som er i strid med det som er føreset ved innvilging av tilskotet.

Klagerett

Du kan klage på dette vedtaket til Statsforvalteren i Vestland. Send klaga til Alver kommune. Vi vil sende saka vidare til Statsforvalteren i Vestland dersom vi ikkje gjer om vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at du har motteke dette brevet, jf. forvaltingslova § 29. Du kan òg be om å få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltingslova § 18 og § 19.

Meir informasjon

På [nettsidene til Landbruksdirektoratet](#) kan du finne meir informasjon om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Med helsing
Alver kommune

Saksbehandla av: Roba Al Serhan
Godkjend av: Laila Bjørge